

# MØTEBOK

## HALLINGTINGET

**TID** 26.september 2008, kl.09:00 – 14:00  
**STAD:** Geilo, Vestlia Resort



**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte på Hallingtinget :

Erik Kaupang, Hol kommune Halvard Lilleslett, Hol kommune Maria Søndrål Wick, Hol kommune Tony Arild Kjøl, Hol kommune Siren Hamre, Hol kommune	Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune Odd Holde, Hemsedal kommune Tove Eggen Lien, Hemsedal kommune Ernst Tore Eggen, Hemsedal kommune
Torleif Dalseide, Ål kommune Ivar Brevik, Ål kommune Harald Varlid, Ål kommune Torhild Helling Bergaplass, Ål kommune Inger Elise Kaslegard, Ål kommune	Gerd Eli Berge, Nes kommune Ingunn Fagermoen, Nes kommune Nils Rodegård, Nes kommune Eva Bjørg Haugen, Nes kommune Bjørn Skjelseth, Nes kommune
Halvor Lilleslett, Gol kommune Steinar Medhus, Gol kommune Gunnar Fredriksen, Gol kommune Aud Ingunn Narum, Gol kommune	Tor Egil Buøen, Flå kommune Ole Johnny Stavn, Flå kommune Karsten Ekern, Flå kommune

**Av rådmennene møtte:** Lars Ole Skogen, Hol kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Gabriel Johannessen, Hemsedal kommune, Freda Arne Kramer, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og regionkontakt Terje Moen.

---

Rådsordfører Oddvar Grøthe opna Hallingtinget.

### **SAK 06-08 ORIENTERING OG DRØFTING OM PÅGÅANDE ARBEID I REGIONRÅDET, INKL. ARBEIDET MED NASJONAL TRANSPORTPLAN 2010 – 2019.**

Dagleg leiar orienterte om pågåande arbeid i Regionrådet.  
Presentasjon vedlegg 1.

### **SAK 07-08 STRATEGISK PLAN, HANDLINGSPROGRAM, GRUPPEARBEID**

Det vart gjennomført gruppearbeid, med følgjande problemstillingar.

- Prioriter minst 3 tiltak (som ligg inne i gjeldande handlingsprogram), som det bør arbeidast med i 2009
- Kom eventuelt med forslag til nye tiltak

- Kom eventuelt med forslag til nye strategiar, event. endring av gjeldande strategi

Vedlegg 2 er ei oppsummering av dei forslag som kom fram.

Regionrådet skal med bakgrunn i dette arbeidet drøfte prioriteringar i forhold til Strategisk plan, med vekt på 2009.

## **SAK 08-08 ØKONOMIPLAN OG HANDLINGSPROGRAM 2009 – 2012, OG ÅRSBUDSJETT FOR 2009.**

### **Vedtak**

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2009, med ei kommunal finansiering på kr. 1.034.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 600.000 for 2009, frå kommunane i Hallingdal.
3. Med bakgrunn i vedteke handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal, vedtek Hallingtinget forslag til økonomiplan 2009 – 2012.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 1.500.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 1.000.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
7. Regionrådet skal utarbeide nærare retningslinjer for bruk av disposisjonsfondet.

## **SAK 09-08 EVENTUELT**

### **Høyring av forslag til klassifisering av øvrige riksvegar ved gjennomføring av forvaltningsreforma**

Hallingtinget syner til Statens vegvesen sitt høyringsforslag vedr. klassifisering av øvrige riksvegar ved gjennomføring av forvaltningsreforma.

I samband med sak 03/08 Nasjonal Transportplan 2010 – 2019, gjorde m.a. Hallingtinget slikt vedtak: *10. I samband med omklassifisering av vegar må Rv7 over Hardangervidda oppgraderast til ein interregional veg.*

Utgangspunktet var her at: *”I enkelte tilfeller kan imidlertid nasjonale interesser tilsi at veger som bare går gjennom to fylker, men har særskilt stor betydning for næringslivet, bør være et statlig ansvar.”*

Ut frå forslag til klassifisering av øvrige riksvegar har Statens vegvesen også funne det nødvendig å vurdere nokre spesielle vegar som går gjennom fleire fylke, men der berre ein del er stamveg i dag. Rv7 er ein slik veg med stamvegstatus på strekninga Gol – Hønefoss.

I høyringsforslaget blir det m.a. peikt på at:

- Rv. 7 over Hardangervidda er ein viktig tverrforbindelse mellom Vestlandet og Austlandet.
- Forbindelsen er den kortaste mellom Bergen og Oslo, og har også størst trafikkmengde mellom Noregs to største byar.

- Turisttrafikken er viktig, fyrst og fremst sommartid, men den er betydelig også vinterstid.
- Utbygginga av Hardangerbrua vil auke vegen sin betydning ytterlegare.

Statens vegvesen presiserar at Rv7 over Hardangervidda er eit interregionalt viktig vogsamband. Å inkludere Rv7 vest for Gol vil kunne stride mot det overordna prinsippet om at øvrige riksvegar i det vesentligaste skal overførast til fylkeskommunane. Statens vegvesen ber og om at Rv7 blir nære belyst i høyringsprosessen.

Hallingtinget er heilt samd i Statens vegvesen sine vurderingar av Rv7 sin viktigheit som aust – vest samband og sine interregionale funksjon, som har stor betydning for næringslivet både på Vestlandet og Austlandet.

Rv7 er og hovudferdselsåre for dei to største reiselivsregionane i landet, Hallingdal og Hardanger. Skal Norge vidareutvikla eit heilårleg reiseliv, har utan tvil Rv7 særskilt stor betydning og må vera eit statleg ansvar, og inngå i riksvegnettet.

Rv7 kombinert med E16 frå Granvin til Bergen er og det aust – vest sambandet (Oslo – Bergen) med desidert minst toatale høgdemeter.

**Hallingtinget vil på det sterkaste oppmode Buskerud fylkesting om å støtte opp om at Rv7 vest for Gol er riksveg etter 1.1.2010.**


Ål 20.10.2008

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg:

- Presentasjon til sak 06/08
- Samanstilling av gruppearbeid, sak 07-08

# Kvar går Hallingdal???



HALLINGTINGET

26.9.2008

# DAGSAKTUELLE ARBEIDSOPPGÅVER

- Rekruttering, busetting, tilflytting
  - Lys i alle glas
  - Placement
- Felles energi og klimaplan for Hallingdal og Valdres
- Fjellregionsamarbeidet



- Samferdsel, infrastruktur (inkl. breiband)
  - [Trafikktryggleik](#)
  - [NTP 2010 – 2019](#)
  - [Sokna – Ørgenvika](#)
  - [FNB](#)
  - [Klassifisering av vegar](#)
  - Utsiktsrydding
  - [Forvaltningsplan Rv7/Rv52](#)
  - [Dialogkonferanse](#)



# Våre største utfordringer?

- Befolkningsutvikling - arbeidskraft - rekruttering
- Kommunikasjon



# KVA MÅ TIL

- Kortare reisetid til større arbeidsmarknadsregionar
- Skapa relativt fleire og attraktive arbeidsplassar i eigen region


Begge desse forholda er avhengige av kortare reisetid til sentralt austlandsområde





# FOLKETALSUTVIKLING

## 1951 - 2.kv. 2008



# **Flyttetrender i Fjell-Norge**

**Hovedtrender gjennom siste generasjon:**

Fem årskull fulgt fra de var 15 til 40 år.

Geilo, 13.8.2008.

Kjetil Sørli, NIBR.

Årskull født 1963-67 i utvalgte regioner fulgt fra  
de var 15 til 40 år. **Menn.**

	ALLE	BOF	TBF	FRA	TIL	VID	BAL
<b>Periferi</b>	<b>100</b>	<b>35</b>	<b>15</b>	<b>50</b>	<b>24</b>	<b>43</b>	<b>-26</b>
Østerdal	100	34	15	51	28	49	-23
Gudbrdal	100	39	16	45	20	37	-25
Valdres	100	43	15	42	31	115	-11
Hallingd.	100	43	15	42	42	123	0
Sogn & F	100	44	13	43	26	62	-17
Vinje	100	41	14	45	22	87	-23
Tinn	100	48	15	37	37	145	0
Rollag	100	39	18	43	48	77	+5


Årskull født 1963-67 i utvalgte regioner fulgt fra  
de var 15 til 40 år. **Kvinner.**

	ALLE	BOF	TBF	FRA	TIL	VID	BAL
<b>Periferi</b>	<b>100</b>	<b>21</b>	<b>16</b>	<b>63</b>	<b>34</b>	<b>42</b>	<b>-29</b>
Østerdal	100	16	19	65	48	52	-17
Gudbrdal	100	19	16	65	34	40	-31
Valdres	100	22	17	61	55	104	-6
Hallingd.	100	22	15	63	60	171	-3
Sogn & F	100	26	16	58	36	59	-22
Vinje	100	24	21	55	45	175	-10
Tinn	100	34	21	45	33	148	-12
Rollag	100	25	15	60	58	89	-2

Årskull født 1963-67 i utvalgte regioner fulgt fra de var 15 til 40 år. Hallingdal.

	ALLE	BOF	TBF	FRA	TIL	VID	BAL
<b>Periferi</b>	<b>100</b>	<b>35</b>	<b>15</b>	<b>50</b>	<b>24</b>	<b>43</b>	<b>-26</b>
<b>Periferi</b>	<b>100</b>	<b>21</b>	<b>16</b>	<b>63</b>	<b>34</b>	<b>42</b>	<b>-29</b>
<b>Hallingdal</b>	<b>100</b>	<b>43</b>	<b>15</b>	<b>42</b>	<b>42</b>	<b>123</b>	<b>0</b>
<b>Hallingdal</b>	<b>100</b>	<b>22</b>	<b>15</b>	<b>63</b>	<b>60</b>	<b>171</b>	<b>-3</b>
<b>Buskerud</b>	<b>100</b>	<b>36</b>	<b>17</b>	<b>47</b>	<b>67</b>	<b>57</b>	<b>+20</b>
<b>Buskerud</b>	<b>100</b>	<b>26</b>	<b>21</b>	<b>53</b>	<b>75</b>	<b>60</b>	<b>+22</b>

## INNVANDRARBEFOLKNING I HALLINGDAL



Total Hallingdal 2008: 8,2 %

Totalt heile landet 2008: 9,6%




# REGIONAL PLANSTRATEGI

- Felles energi og klimaplan for Hallingdal og Valdres. I forslag til tema bør dette tiltaket inn som eit eige plansamarbeid.
- Landbruket er ein av bærebjelkane for Hallingdal. Det tradisjonelle landbruket er i sterk attendegang, der Hallingdal er ein av distriktsregionane som har størst reduksjon i tal sysselsette. Matproduksjonen er framleis rimeleg stabil, men er m.a. avhengig av at jordvernet står sterkt i arealpolitikken. Eit levande landbruk vil framleis ha mykje å seia for busettinga i distrikta og for eit levande kulturlandskap, som er eit av dei grunnleggande fundamenta for utviklinga av reiselivsnæringa. Regionrådet for Hallingdal vil oppmode om at det blir sett i gang eit forskingsprogram om forholdet mellom det framtidige landbruket og utvikling av ei berekraftig reiselivsnæring.
- Regionrådet støttar tiltak i forhold til rekruttering av arbeidskraft, men ber om at det blir vurdert er som ein del av tiltak i samband med ”Kommunar med nedgang i folketalet”.
- I forhold til dei konkrete tiltak i nasjonal reiselivsstrategi og Reiselivsstrategi for Buskerud vil Regionrådet for Hallingdal foreslå at det blir etablert eit eige tema; Samarbeidsforum mellom m.a. Hallingdal, Buskerud fylkeskommune, Fylkesmannen i Buskerud, Innovasjon Norge og HiBu. Føremålet vil vera å arbeide aktivt for å følgje opp regional og nasjonal reiselivsstrategi. Dette er eit arbeid som bør starte umiddelbart.  
[Eks.](#)



# STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2006 - 2010



## HANDLINGSPLAN

26.9.2008

HALLINGTINGET





# INNSATSOMRÅDE - DELMÅL

## SAMHANDLING

**Mål 1: Kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode!**

**Mål 2: Hallingdal sine interesser skal ivaretakast gjennom eit handlekraftig regionråd.**

**Mål 3: Knutepunkt Gol, spelar saman med dei andre kommunesentra**

**Mål 4: Helsefremmande tiltak i partnerskap skal fremme aktivitet, god helse og trivsel i befolkninga i Hallingdal**

**Mål 5: Vidareutvikle Hallingdal sjukestugu som distriktsmedisinsk senter**

## KOMPETANSE

**Mål 6 Innbyggjarane er Hallingdal sin viktigaste ressurs – me vil ta vare på og utvikle kompetansen i regionen.**

**Mål 7 Kulturliv, næringsliv og det offentlege skal stimulere kvarandre for å utvikle Hallingdal til ein profilert kulturregion.**

## INNOVASJON, NÆRINGS LIV

**Mål 8 Etablere utviklingsarenaer for innovasjon og nyskaping**

**Mål 9 Vidareutvikle Hallingdal som den fremste reiselivsregionen i landet.**

**Mål 10 Landbruket skal framleis vera ei sterk næring i Hallingdal**

## INFRASTRUKTUR

**Mål 11 Utvikle effektive, trafikksikre og miljøvennlege kommunikasjonsårer**

**Mål 12 Det Digitale Hallingdal skal vera med å gje innbyggjarar og næringsliv ein enklare kvardag og fremje verdiskapning.**

**Mål 13 Vidareutvikle attraktive tettstadar i Hallingdal**



# GRUPPEOPPGÅVE

- Prioriter minst 3 tiltak (som ligg inne i gjeldande handlingsprogram), som det bør arbeidast med i 2009
- Kom eventuelt med forslag til nye tiltak
- Kom eventuelt med forslag til nye strategiar, event. endring av gjeldande strategi



SAK 07/08, VEDLEGG TIL MØTEBOK

NR:	FLÅ	NES	GOL	HEMSEDAL	ÅL	HOL
<b>Prioritering tiltak SP som ikkje har starta</b>	<p>Profilering/ identitetsbygging</p> <p>Profilere innfallsportane til Hallingdal</p> <p>Barnevern</p>	<p>Tett og formalisert samarbeid mellom kommunane innan tenesteproduksjon</p> <p><i>Eks: Barnevern</i></p> <p><i>Tekniske tenester</i></p> <p>Utvikling av eit klart definert regionsenter for Hallingdal til styrking av heile regionen (<i>må sjåast i samanheng med mål 13</i>)</p> <p>Infrastruktur</p> <p>Veg eller bane</p> <p>- <i>Ja takk begge deler</i></p>	<p>Etablere eit samarbeid om barnevern</p> <p>Videreutvikle Bergensbanen og arbeide for realisering av Ringeriksbanen</p> <p>Utarbeide samanslåing av tekniske tenester i Hallingdal</p>	<p>Utgreie felles barnevernsteneste</p> <p>Etablering av felles innovasjonsforum i Hallingdal.</p> <p>Støtte opp om HR sitt arbeid med utvikling av sommar turisme i samarbeid med Fjord Norge</p> <p>Arbeide for etablering av NFH i Hemsedal</p> <p>Optimal samhandling for å få fram regionens to målsette prioriteringar i NTP</p>	<p>Vidareføre nært samarbeid og oppfølging med NAV-Hallingdal.</p> <p>Forprosjekt på forskning og høgskuleutd.(6.A.2)</p> <p>Regional produsentstilling (7.C.1)</p> <p>Gjera Hallingdalselva til innlands-Norges beste ørretelv.</p>	<p>Vidareutvikle barnevern (1.A.1.)</p> <p>Desentralisert høgskule (6.A.2)</p> <p>Lokale kvalitetar (7.B.3)</p> <p><i>Eks: Hallingkost</i></p>
<b>Nye tiltak</b>	<p>Nærings- reiselivs kontor i Oslo?</p>	<p>Felles strategi for eventuell etablering av Flyktningmottak i Hallingdal</p> <p>Utviding av ansvar og mynde for Regionråd/Hallingting.</p>			<p>Sikre riksvegstatus for Rv7 vest for Gol 11.a.3</p>	<p>Nasjonalparksenter</p>
<b>Merknad</b>	<p>Strategi: Systematisk lobbyvirksomheit</p>		<p>Rydde i forhold til strategi og visjon</p>	<p>Betre struktur SP</p>		<p>Gjeldene strategi er ok (<i>tilfelle for mange, bør reduseres</i>)</p>